

## Venner av framtida

**ME VEIT IKKJE** lenger kør mange gonger me har teke opp denne saka, men altså: Endå ein gong er framtida til Sogn Jord- og hagebruksskule i Aurland sett på dagsorden.

??  
Venegruppa har gode poeng og ei interessant og spennande tilnærming til denne saka.

**ME ER IKKJE** komne lenger i dette landet i 2013, enn at den einaste økologiske utdanningsinstitusjonen me har etablert, år etter år blir plassert på pinebenken.

**FØRST OG FREMST** handlar det om å få på plass midlar til ei heilt naudsynt modernisering og utbygging av den tradisjonsrike skulen. 20 millionar kroner, som den raudgrøne regjeringa –

utruleg nok – aldri ville eller fekk somla seg til å leggja på bordet, må no koma på plass.

**HØGREORDFØRAREN I AURLAND**, Noralv Distad tek jobben med å få plassert framtida til denne skulen på den blå regjeringa sitt bord. Det skal Distad gjera når han har teke imot vurderinga av kva kompetanseverdi og næringsseffekt denne skulen har og har hatt, både lokalt, fylkeskommunalt og nasjonalt. Aurland naturverkstad skal laga rapporten om dette. Me reknar med den blir god å ha for Distad.

lokalt, for framleis har heller ikkje fylkespolitikarane makta å grava fram naudsynte midlar på sitt budsjett. Me ser at fylkesordførar Åshild Kjelsnes meiner det ikkje går an for denne skulen å leva med denne framtidsuvissa.

**DET STÅR ATT** å sjå om fylkesordføraren og hennar folkevalde, maktar å gjera dette til anna enn trøystande ord for ein stab og ein skule som – år ut og år inn – har makta å oppretthalda eit unikt undervisningstilbod – mot alle odds.

**ME TRUR AT** den veneforeininga, som ein del eldsjeler i Aurland har starta opp, kan visa seg å vera like viktig for å halda mot og framtidstru oppe. Med nattjazzgeneral Jon Skjerdal på laget trur me at målsetjinga å få ut meir positiv informasjon om skulen er realistisk.

**HOVUDBODSKAPEN ER AT** det er lov å vera stolt over det som er skapt. Det er lov å slå seg på brystet. Venegruppa har gode poeng og ei interessant og spennande tilnærming til denne saka.

**ME MÅ NEMLEG** byrja med oss sjølve. Viss ikkje me som bur i dette fylket kan og vil vera stolte over det som er skapt her – i dette tilfellet på Sogn Jord- og hagebruksskule – kven andre skulle då vera det? På sikt er det sjølvsaugt heilt rett at økoskulen har meir berekraft enn noko.

**VENENE AV JORD-** og hagebruksskulen er soleis ikkje berre vener av denne skulen. dei er også vener av framtida. Er det mogleg å få våre folkevalde med på same lag?

Sei meininga di om leiareren på sognatreff.no

like vik  
teten i  
tettste  
argume  
nesamr  
effektiv  
fordele  
utenke  
ikke vi  
av tilbu

M  
tra

Når ein  
ein myl  
også nå  
seine n

Natt  
frå Fod  
det to t  
personl

Bilan  
sida og  
So lang

Men  
personl  
trailera  
opp på

Resu  
på seg,  
tar alt i

Og d  
rer trai  
tunnle

Det  
ikkje v  
fikksik  
billett

Kvifo